

Vann Zinken Cup.

16.02.2015



Vi har tidlegare skrive om unge fotballspelarar som gjorde ein flott innsats i Zinken Cup i Odda laurdag. Søndag var turen kome til eldre årsklassar, og Rosendal/Uskedal stilte med 2 lag i G-16-klassen, og eitt av dei vann klassen sin. Det var Odda FK som arrangerte turneringa i samarbeid med Boliden Odda AS.

Rosendal/Uskedal hadde med 2 lag i Zinken Cup denne helga. Rosendal/Uskedal 2 som vart slått ut i kvartfinalen, hadde med uskedelingen Torstein Myklebust. Han skora fleire av måla og var ein viktig spelar for dette laget.

Rosendal/Uskedal 1 hadde med uskedelingen Sondre Myklebust som også skora mange av måla for dette laget. Dei slo Odda i ein svært spanande finale. Det enda 4-4 etter full tid. Då vart det straffespark som Rosendal/Uskedal 1 vann 7-6. Det teviser at det gror godt i ungdomsfotballen i Uskedalen.

På biletet over ser vi dei stolte vinnarane. Frå venstre Mathias Guddal, Torgeir Bøyum, Mats Olsen, Olav Lernes, Sondre Myklebust, Kristoffer Eskeland og Jarand Naterstad.

Tekst: Ragnvald Myklebust/Thor Inge Døssland

Foto: Ragnvald Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland